



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/2717-

18. desember 2019

Spørsmål nr. 536 til skriftlig tilsvar frå stortingsrepresentant Steinar Karlstrøm

Spørsmål:

Kva er totalt investeringsbehov/vedlikeholdsetterslep pr. desember 2019 på alle dagens statlige fiskerihavner, spesifisert for hver havn, summert for hvert fylke (de 11 fra 2020) og totalt for hele landet?

Svar:

Kystverket har fram til no eigd om lag 300 kaiar og 800 moloanlegg, som er fordelt på om lag 500 fiskerihamner.

Kystverket har oversikt over vedlikehaldsbehov på landsbasis og fordelt på kvar fylkesregion, men Kystverket har ikkje liggande lett tilgjengelege tal for kvart enkelt anlegg som dei eig i dei om lag 500 fiskerihamnene.

Kystverket gjennomfører drifts- og vedlikehaldsoppgåver med utgangspunkt i rullerande fireårsplanar, som blir justert med dei årlege budsjetta. Behova blir registrert gjennom eiga kartlegging og gjennom tilbakemeldingar frå brukarane. Over perioden 2006-2018 har Kystverket totalt gjennomført større og mindre vedlikehaldstiltak på nærmare 150 anlegg, med ein samla kostnadsramme på om lag 350 mill. kroner. Dette gir eit snitt på om lag 27 mill. kroner pr. år til vedlikehald av Kystverket sine fiskerihamneanlegg.

Det blei i 2014 utarbeidd ei samla oversikt over det tekniske vedlikehaldsetterslepet for Kystverket sine kaiar og moloanlegg. Denne oversikta er basert på tidligare kartleggingar av

kaier over perioden 2012-2015 og moloanlegg over perioden 2004-2007. Disse undersøkingane viser eit samla teknisk vedlikehaldsetterslep på om lag 660 mill. kroner, jf. tabell 1.

I forbindelse med overføringa av fiskerihamneanlegg til dei nye regionane har desse talla også blitt lagt fram for fylkeskommunane.

Vidare er det viktig å gjere oppmerksom på at det tekniske vedlikehaldsetterslepet nødvendigvis ikkje atterspeglar det faktiske behovet, då mange av anlegga ikkje er i bruk eller har den same funksjonen som dei opphavleg var tiltenkt.

Tabell 1: Oversikt teknisk vedlikehaldsetterslep i undersøking frå 2014.

Tal i 1000-kr

FYLKER	TEKNISK VEDLIKEHALDSETTERSLEP		
	Kaier	Molo	SUM
Troms og Finnmark	40 000	93 000	133 000
Nordland	55 000	156 000	211 000
Trøndelag	35 000	45 000	80 000
Møre og Romsdal	33 000	53 000	86 000
Vestland	35 000	37 000	72 000
Rogaland	10 000	21 000	31 000
Agder	20 000	11 000	31 000
Vestfold og Telemark	6 000	2 000	8 000
Viken	5 000	4 000	9 000
SUM	239 000	422 000	661 000

Frå og med 1. januar 2020 har Kystverket ikkje lenger det ansvaret for fiskerihamneforvaltninga som dei tidlegare har hatt. Kystverket vil vedlikehalde anlegg som fortsatt er i statleg eie, men vil ikkje foreta nye investeringar. Kystverket har difor ikkje oversikt over investeringsbehov i fiskerihamnene ut over dei behova som kjem fram av Nasjonal transportplan 2018-2029.

Stortinget har i behandlinga av Prop. 84 S (2016-2017) *Ny inndeling av folkevalt regionalt nivå* vedtatt at dei nye fylkesregionane skal overta eigarskapen og forvaltningsansvaret for fiskerihamneanlegg frå 1. januar 2020, og at dette skal skje gjennom avtalar med kvar fylkeskommune. Det er vidare lagt til grunn at Samferdselsdepartementet sine budsjettmidlar til statlige fiskerihamneanlegg og tilskotsordninga til kommunale fiskerihamneanlegg vil bli del av rammetilskotet til fylkeskommunane, etter at dei nye fylkesregionane tek over eigarskap og forvaltningsansvar frå staten. Vedlikehaldsetterslep i regionen er ein av nøklane i den regionvise fordelinga av midlane.

Vidare har eg tillit til at fylkespolitikarane vil gjere dei rette prioriteringane når dei no får overført fiskerihamnemidlar over ramma, , i tråd med intensjonen i regionreforma og Stortinget si handsaming av denne.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.